

Rammeavtale

mellom

Universitetet i Bergen og NAV Vestland

om

forskning, kompetanseutvikling, innovasjon, og samarbeid om arbeidsrelevans

1. Partane

Universitetet i Bergen (UiB) er eit internasjonalt forskingsintensivt breiddeuniversitet som dekkjer dei fleste fagområde, organisert i sju fakultet og eit eige universitetsmuseum. Universitetet driv forskning, kunstnarleg utviklingsarbeid og undervisning innan eit stort spekter av fagområdet. UiB har som overordna ambisjon å skape framifrå forskning, utdanning, formidling og innovasjon. Eit godt samarbeid med arbeidslivet, bedrifter og andre offentlege etatar er ein viktig føresetnad for at UiB skal utføre samfunnsoppdraget sitt.

NAV Vestland skal bidra til å skape eit inkluderande arbeidsliv og ein velfungerande arbeidsmarknad, ivareta vanskelegstilte grupper sine behov og arbeide mot fattigdom gjennom å stimulere til arbeid og deltaking, sikre inntekt i periodar i livet utan arbeidsinntekt og bidra til meistring og deltaking for alle brukargrupper.

2. Bakgrunn og mål

Denne rammeavtalen har som mål å leggje til rette for partanes ønske om å vidareutvikle og styrke samarbeidet om forskning, innovasjon og nyskaping mellom UiB og NAV.

Partane har hatt eit samarbeid om forskning, kompetanseutvikling og arbeidsrelevans sidan 2019 og ønsker med denne reviderte avtalen å skape eit nærare samarbeid om forskning, utdanning, formidling og innovasjon. Gjennom avtalen tas det sikte på å utvikle eit offensivt og resultatorientert samarbeid for begge parter.

Gjennom samarbeidet ønsker partane å styrke relasjonen mellom seg og gje overordna føringar for dei viktigaste samarbeidsområde og struktur. Formålet med avtalen er å leggje til rette for partanes felles interesse i å:

- utvikle og styrke forskning og kompetanse innanfor områder NAV har særskilte kunnskapsbehov og UiB har sterke fagmiljø. Det er eit mål at samarbeidet skal bidra til nærare samarbeid om forskning og fagutvikling på område som er relevante for både NAV og UiB.
- vidareutvikle eit gjensidig samarbeid om forskning for å styrke moglegheitene for å få gjennomslag i Norges Forskningsråd og EUs programmer

- om å få til eit tettare samarbeid mellom dei høgare utdanningane på vestlandet, som UiB, Høgskulen på Vestlandet og Norges Handelshøgskule.
- utvikle samarbeid om forskning og utdanning som har relevans og samfunnsnytte på det arbeids- og velferdspolitiske området innanfor NAV-relevante felt, i tillegg til samarbeid rundt etter- og vidareutdanning.

Universitetet i Bergen vil i tillegg å inngå ein eigen samarbeidsavtale med NAV nasjonalt som byggjer på NAVs FOU-plan for 2021-2025.

Det er viktig for arbeidsgivarar at arbeidstakarane har arbeidslivskompetanse. Kompetansebehova i arbeidslivet er i kontinuerleg endring, og krev ein solid kunnskapsbase og tverrfaglege perspektiv. Det er såleis eit mål å vidareutvikla samarbeidet mellom UiB og NAV om forskning og fagutvikling i aktuelle behovsområde frå NAV, og der studentanes arbeidslivskompetanse kan styrkast ved å tileigne seg relevant og kvalitetssikra arbeidslivserfaring frå NAV i si utdanning. Det er eit ønskje at samarbeidet blir organisert slik at det blir lagt til rette for innovasjon og nyskaping i både utdanningane og i arbeidslivet.

3. Nærare om samarbeid

Ved å samarbeide i utvalde prosessar om nasjonale og internasjonale midlar til større satsingar vil partane kunne stå sterke. Partane ønsker derfor å holde kvarandre orientert om forskings-, utviklings- og innovasjonsarbeid av felles interesse. Det er eit mål for partane å legge til rette for samarbeid om og stimulere til forskning, nyskaping og innovasjon innanfor utvalde fagfelt.

Samarbeid mellom NAV Vestland og Universitetet i Bergen blir regulert gjennom denne rammeavtalen, samt eigne avtalar for dei enkelte samarbeidsprosjekta som partane blir samde om å iverksette.

Aktuelle samarbeidsområde er:

- Samarbeid om bidragsfinansiering av forskingsprosjekt
- Gå inn som samarbeidspartner i større forskingsprosjekt finansiert av Norges forskningsråd eller EU
- Leggje til rett for å få til eit tettare samarbeid mellom dei høgare utdanningane på vestlandet, som HVL, VID, UiB og NHH.
- Leggje til rette for at tilsette i NAV kan søkje opptak i offentleg sektor ph.d.-programmet
- Kunnskapsbasert tjenesteutvikling og forskningsdrevet tjenesteinnovasjon
- Partane kan vurdere samarbeid om kompetanseutviklingstiltak i NAV, det være seg kurs, seminar, etter- og vidareutdanning og anna fagleg samarbeid innafor UiB sine kompetanseområde.
- Partane kan drøfte regionale og nasjonale kompetansebehov og vurdere om det er mogeleg å gjere bruk av gjensidige bistillingar.
- Innspel til fagplanar ved Universitetet i Bergen innafor NAV Vestland sine kompetanseområde kan vurderast i samarbeidet mellom partane.
- Partane skal arbeide for å utvikle betre moglegheiter for gjennomføring av praksisopphold i NAV for studentar frå Universitetet i Bergen. Partane skal samarbeide om konkrete case og prosjekter som NAV Vestland om tema der NAV har behov for betre kunnskap.
- Partane skal gjensidig vurdere om ordningar eller tiltak som vil styrkje moglegheitene for samarbeid slik angitt i avtalen.

Samarbeidsprosjekt mellom partane i rammeavtalen vil bli bestemt gjennom eigne avtalar mellom institutt/fakultet/avdeling ved UiB, og NAV Vestland. Partane blir samde om regulering av opphavsrett og annan IPR i prosjektavtalene.

4. Topplesarmøte

Partane skal møtast minst to gonger i året i eit topplesarmøte for å drøfte sakar av felles interesse for å utvikle eit godt samarbeid. Frå UiB skal rektor, viserektor for forskning og direktør for forskings- og innovasjonsavdelinga delta. Frå NAV skal administrerande direktør og avdelingsdirektør delta. Andre inviterast til å delta etter tema og behov.

Partane er samde om å opprette eit sekretariat med kontaktpersonar frå begge institusjonar som skal møtast regelmessig i løpet av året for å følgje opp samarbeidet og leggje til rette for topplesarmøte. Det skal utarbeidas ein årleg møteplan for sekretariatet. Sekretariatet skal bidra til å skape arenaer for samhandling mellom NAV og UiB.

Sekretariatet skal mellom anna:

- følgje opp sakar av felles interesse for å utvikle eit godt samarbeid
- ansvar for å organisera jamlege møte mellom fagmiljø ved UiB og NAV med sikte på å initiere samarbeid om forskning og undervisning i samråd med topplesarmøtet
- ansvar for å følgje opp samarbeidsområda angitt i avtalen og komme med forslag til prosjekt eller tiltak som kan styrkje samarbeidet mellom UiB og NAV Vestland.
- i samråd med topplesarmøtet etablere konkrete møteplassar der samspelet mellom akademia og Nav skal utviklas. Dette kan være seminar, forskingsfrukostar eller hospitering der det kan skapast nysgjerrigheit og interesse for partanes ansvarsområde og fagfelt.
- Universitetet i Bergen informerer om nye etter- og vidareutdanningstilbod.
- NAV Vestland informerer om satsingsområde og kompetansebehov.

Partane skal utnemne kontaktpersonar for aktuelle fagområde. Det skal etablerast et nettstad for samarbeidet med aktuell kontaktinformasjon og fagfelt det kan samarbeidast om. Begge partar skal gjere eigne aktuelle miljø oppmerksomme på fristar og moglegheiter for finansiering som NAV nasjonalt lyser ut som kan støtte opp under moglegheiter til å sikre finansiering til aktuelle prosjekter av felles interesse.

Det skal utarbeidast ein årleg oppsummering av resultatane frå samarbeidet.

5. Avtaleperiode

Rammeavtalen gjeld 01.06.22 til 31.12.2024. Før avtalen går ut skal samarbeidet evaluerast og eventuelt vidareførast. Partane gjennomfører felles evaluering seinast tre månader før utløpet av avtaleperioden.

Partane har gjensidig informasjonsplikt om alle forhold som høyrer inn under denne rammeavtalen.

6. Kontaktpersonar

Kvar av partane skal nemne ut ein kontaktperson for samarbeidet og som skal delta i sekretariatet.

- For UiB vil Forskings- og innovasjonsavdelinga ha ansvaret for å følge opp samarbeidet. Kontaktperson: Benedicte Løseth Benedicte.Loseth@uib.no og Rune Smistad Rune.Smistad@uib.no
- For NAV Vestland er kontaktperson Knut Steinar Eitungjerde, e-post: knut.steinar.eitungjerde@nav.no

7. Teieplikt

All informasjon om forretningsforhold o.l. som partane får og som ikkje er offentleg kjent, skal behandlast konfidensielt til den andre part har gitt melding om det motsette.

8. Oppseiing

Begge parter kan med 3 månader skriftleg varsel sei opp denne avtalen.

Bergen, 24/6-22



For NAV Vestland
Anne Kverneland Bogsnes



For Universitetet i Bergen
Margareth Hagen